**STYREMØTE, 5. desember 2014 kl. 1900-2120**
**STAD: Margarethe L'orange på Gol**
Tilstades: Britt-Mari Sletto, Grethe L. Rudningen, Maria Søndrål, Margarethe L'orange og Eva Almhjell (ref)
Ingen innvendingar til dagsordenen for møtet.

| Sak | Tema | Oppfølging |
|---|---|---|
| 1 | **Årsmøte 2015** – fredag 10. april 2015 på Vika velferdssenter, Hol.<br>Etter årsmøtesakene kåserer Arne Skogheim om Olav Slettos sjølvbiografi i 5 band - Olverbøkane | Eva: Arne S = OK<br>Eva: Rom på Vika = OK<br>Britt-Mari følgjer opp med bokmarknad og utlodding |
| 2 | **Val 2015 –** Britt-Mari Sletto takkar for seg etter mange år i styret, som takka for innsatsen. Grethe L Rudningen og Eva Almhjell stiller til val for hhv. 2 og 1 år til. Maria og Margarethe er ikkje på val i 2015. | Leiaren har gitt beskjed til valnemnda. |
| 3 | **Årshefte 2015**<br>Kari Telste om tenestjentene si historie<br>Erling Rimehaug om "Naturtru og gudstru" (HD 18.10.14)<br>HD intervju av Oddvar Stølen med Olav Sletto om OS sitt litteratursyn frå 18.11.1954 (sjå vedlegg 1) | Eva følgjer opp KT med fristpåminning.<br><br>HD (og Oddvar Stølen) har gitt lov til å bruke intervjuet i årsheftet.<br>Britt-Mari følgjer opp trykkinga av årsheftet – same leist som før (2014-heftet var eit unntak).<br>Ho og Margarethe les korrektur. |
| 4 | **Medlemsbrev 3/2014:** | Britt-Mari hadde laga utkast til møtet 5.12.14. Eva hadde lagt inn bilde og nyaste nytt i utkastet.<br>Medlmsbrev 3/2014 = ferdig. Eva publiserer før jul, Britt-Mari sender ut i romjula. |
| 5 | **UTANFOR EKTESKAP**. Boklansering på Holms hotel 7. februar 2015.<br>Program: Dramatisering av då Olav førde mor si til sætes på fyrste benken. JØS fortel om sin artikkel i boka om uekte barn og lause kvinner, Eva og Anne-Grethe S om research til Anne-boka.<br>Kunstnerisk: Elfi Sverdrup og Judittavisa<br><br>Jon Lilleslett med døtrene Johanne og Liv på fele.<br>Kostnad: 300 kr. til kvar av jentene.<br>Og kanskje kjem Geilo spelemannslag/Torstein Gjeldokk til å spela på Olav Sletto si fele???<br><br>Bokhandelen på Geilo og Ål invitert til å vera med med stand. | Eva: Biblioteket til OSS sin disp. kl. 12-15. Alkoholfri drikke og frukt bli servert. Leie: kr. 500.- Frukt og drikke bet. vi etter forbruk - OK.<br><br>Styret sa nei. Eva har gitt beskjed til Elfi Sverdrup.<br>Grethe følgjer opp JL m/døtre.<br><br>JØS og fam. blir heile helga. OSS dekkar utgiftene. *Alle kostnader ifm. lanseringa blir lagt inn i søknad som Britt-Mari sender om støtte til lanseringa til SKUE.<br>Geilo takka nei, Ål takka ja - Eva følgjer opp . |

| | | |
|---|---|---|
| 6 | Slektsgranskar Anne-Grethe Syvertsen – spesielt invitert gjest til lanseringa. Honorar og dekking av utgifter i samband med arbeidet med Anne-boka (3-4 besøk i RA med meir). | Styret vedtok å dekke utgifter ifm. A-GS sitt arbeid med Anne-boka og andre utgifter i denne samanheng. |
| 7 | Økonomistatus – sal av Per Gjetar, stønad til Anne-boka, foredrag 18.6. og 11.9.14. Siste: Longvafondet/Noregs mållag: Avslag på 2013-søknad om midler til PG (brev 7.10.14) | Britt-Mari la fram status som viser ca. 34 000 kr. i overskot. Styret var nøgd med orienteringa. |
| 8 | Boksmia-avtale om Anne-bok – forståing og praksis (same leist som til PG) | Styret konkluderte med at avtala har fungert bra for PG-boka og at den blir lagt til grunn for avtala om Anne-boka. |
| 9 | Praksis ved eksterne oppdrag – honorar/utgifter til køyring o.l. | Maria foreslo å gi leiaren eit rundt beløp til dekking av utgifter til køyring mv. t.d. 3000 kr- Styret slutta seg til. Årsmøtesak. |
| 10 | Infotavle om OS ved Sletto. Kostnad: kr. 1500. Utkast klart jan. 2015 | Margarete og Eva. Styret ba om at OSS sende søknad til Hol historielag/Knut Medhus om å få dekke utgiftene (ca. kr. 1500).<br>Eva sendt søknad 10.12.14. OSS-søknaden blir tatt med i ein samlesøknad som Hol historielag lagar (km i e-post 10.12.14) |
| 11 | Eventuelt<br>- Per Gjetar og Den kulturelle skulesekken – det trengs eit pedagogisk opplegg for å få boka inn i undervisninga<br>- Søkje Skue om støtte til boklansering på Geilo + ev. årsmøtet<br><br>- OSS-styret: Studiegruppe Olav Sletto-litteratur. Start: Røgnaldfolket?<br>- Olav Slettos liv og dikting, ein grunn til å vitje Hol? Utvikle samarbeid med Visit Geilo/Pål Knutson Medhus? (Evas idé etter Hallingdølen-art. om å bruke Arne Næss i den lei)<br>- Hugse på lanseringsinvitasjon til etterkomarar, OSS-medlemmer, bibliotek med mange fleire til boklanseringa 7. februar<br>- Artikkel og annnonse i HD om lanseringa og årsmøtet<br>- Promotering av Per Gjetar og lydboka Per Sjøl i bokhandelen på Gol?<br>- Førehandssal av Anne-boka? | Maria følgjer opp<br><br>Britt-Mari følgjer opp med søknader til SKUE om støtte til boklansering og årsmøte.<br>Ikkje aktuelt – folk er for travle!<br><br>Styret ynskjer ingen kommersialisering av Olav Sletto.<br><br>Eva følgjer opp..<br><br>Eva følgjer opp<br>Margarethe følgjer opp.<br><br>Styret syns det er ein god idé. Eva følgjer opp – sjå medlemsbrev 3/14. 4 på lista så langt.<br>Fritt fram for styret å verve førehandstingarar blant vener og kjente! |

Referat ved Eva 10.12.14

*Dette kom som ein idé då leiaren snakka med direktøren på Holms hotel laurdag 6.12.14. Sjekka ut med kasseraren, sms til styret ellers. Positiv respons frå Grethe. Stilt frå Margarethe (som er sjuk) og Maria.